

# DETALJREGULERING MASSETAK PÅ GNR. 49 BNR. 3 OG 11 - STOKKELAND, VESTNES KOMMUNE

## KOMMENTARAR TIL MERKNADER VED HØYRING

### MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

1. Peikar på at det i frisiktssonene, som ligg utanfor planområdet, er behov for opprydding.
2. Det må vere rutinar for opprydding etter tilgrising av slam i vegbana.
3. For at føreseggnene for fornminnet skal vere bindande, må planområdet utvidast til å omfatte dette.

*Kommentarar:*

*Punkt 1 og 2 gjeld ikkje reguleringsforslaget.*

*Til punkt 3 – Etter dialog med fylkeskommunen har ein konkludert med at planområdet ikkje blir utvida, og at punktet om fornminne i føreseggnene blir tatt ut. Sjå vedlegg.*

### DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING

1. Rår til endring av føreseggnene omsyn på sikring av området.
2. Rår til at uttaksvolum blir synleggjort i føreseggnene.
3. Driftskonsesjon – ved samla uttak på over 10.000 m<sup>3</sup> stiller minerallova § 43 krav om godkjent driftskonsesjon. Ny oppstart av masseuttaket kan ikkje skje før dette er godkjent.

*Kommentarar:*

*Til punkt 1 og 2 – Reguleringsføreseggnene er justert på desse punkta, jfr. føreseggnene pkt 1.1 og 2.1-sjuande kulepunkt.*

*Då det samla uttaksvolumet vil vere på over 10.000 m<sup>3</sup>, er søknad om driftskonsesjon under utarbeiding. I direktoratet sin vugleiar for søknad om driftskonsesjon er eit av kriteria for behandling at reguleringsplan er godkjent og ikkje eldre enn 3 år.*

The screenshot shows the official logo of the Directorate for Mineral Management (Direktoratet for mineralforvaltning) and its full name. It includes a search bar and links for contacting them. Below the header is a horizontal navigation bar with various icons and text labels: Tema, Tilsyn, Kunnskap og statistikk, Regelverk, Søknader og rapportering, Svalbard, Om DMF, Kart, and Min side.

Hjem » FastTrack - søknad om driftskonsesjon

## FastTrack - søknad om driftskonsesjon



Publisert 08.01.2020 / Sist endret 14.01.2020

Driftskonsesjon

I den digitale søknaden om driftskonsesjon på Min side ligger en FastTrack-løsning for de enkle uttakene. Søknad om uttak som oppfyller gitte kriterier går automatisk til denne løsningen. Der kan dere blant annet utarbeide en enklere driftsplan som skrives direkte i digitalt søknadsskjema.

Hvis følgende kriterier er oppfylt, vil søknaden automatisk bli behandlet i FastTrack-løsningen:

- Vedtatt reguleringsplan for uttaksområdet er 3 år eller nyare
- Søknaden gjelder uttak av byggeråstoff (fast fjell som skal knuses eller løsmasser)
- Søknaden gjelder dagbруrd (drives over jord)
- Totalt uttak er mindre enn 500 000 m<sup>3</sup>
- Planlagt hoydeforskjell mellom topp- og bunnkote i uttaket er mindre enn 30 meter
- Uttalesområdet ligg ikke i Finnmark

Dere kan skrive en forenkle driftsplan direkte i søknaden, hvis planen ikke allerede er utarbeidet som eget dokument.

*Oppstart av nytt uttak kan ikkje starte opp før dengen er godkjent.*

LASSE STOKKELAND, medeigar av gnr. 49 bnr. 11

1. Djupmyra må ikkje drenerast ut.
2. Ønskjer tidsfrist for istandsetting av uttaksområdet.
3. Oppsamlingsdam/slambasseng må visast i planen.
4. Det er i dag fleire grunneigarar av gnr 49 bnr. 11, og uttak av massar på dette bruksnummeret kan ikkje skje utan samtykke frå alle partar.

Kommentarar:

*Til punkt 1 - Slik planen er utforma – kart og føresegner – meiner ein å ha gjort avgrensingar og stilt krav som er tilstrekkelege for å hindre at dette kan skje.*

*Til punkt 2 – Dette vil inngå i driftsplanen, som vil vere ein del av driftskonsesjonen.*

*Til punkt 3 – Slambasseng er vist som illustrasjon i plankartet, og er ein del av føresegnene pkt. 2.1 niande kulepunkt.*

*Til punkt 4 – Det har ikkje vore innvendingar til planavgrensinga tidlegare. Tiltakshavar og forslagsstillar er også eigar av to partar av gnr. 49 bnr. 11. Dei privatrettslege forholda mellom eigarane vil også vere i tiltakshavar si interesse å få rydda opp i før uttak kan gjerast, og er ikkje vidare omtala i plandokumenta.*

#### STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

1. Ordet «kan» om etablering av sikringsvollar i føresegnene skal erstattast med «skal».
2. Statsforvaltaren ber om at del av uttaksområdet mot aust blir tatt ut av planen, for å sikre myra.

Kommentarar:

*Til punkt 1 – Reguleringsføresegnene pkt 3.1 er korrigert på dette punktet.*

*Til punkt 2 – Som Statsforvaltaren seier ligg det aktuelle området i nord-aust utanfor område vist som «Djupmyra». Dette er fordi ein fjellrygg, som delvis ligg i dagen heilt forbi kanten av dyrkjorda lengre aust, avgrensar myra. Slik reguleringsføresegnene no er utforma, kan ein vanskeleg sjå at denne delen av uttaksområdet skulle vil føre til lekkasje frå myra.*

*Ein har likevel redusert uttaksområdet her vesentleg, sjå plankartet.*

Med dei endringane og tilpassingane som no er gjort, vurderer ein at merknadane er imøtekomne slik at planen kan godkjennast.

Vedlegg:

---

**Fra:** Johnny Loen  
**Sendt:** torsdag 6. juli 2023 kl. 14:46  
**Til:** Jostein Bø; Anders Smith-Øvland  
**Emne:** SV: Detaljregulering masseuttak på Stokkeland, Vestnes kommune

Det er en akseptabel løsning, men ikke den beste (sett fra kulturminnets ståsted. Men dette er jo uansett verna av kml

Johnny

---

**Fra:** Jostein Bø <[job@jobing.no](mailto:job@jobing.no)>  
**Sendt:** torsdag 6. juli 2023 14:40  
**Til:** Anders Smith-Øvland <[Anders.Smith-Ovland@mrfylke.no](mailto:Anders.Smith-Ovland@mrfylke.no)>; Johnny Loen <[Johnny.Loen@mrfylke.no](mailto:Johnny.Loen@mrfylke.no)>  
**Emne:** Detaljregulering masseuttak på Stokkeland, Vestnes kommune

Hei!

Dette har eg hatt ein del dialog om tidlegare, mellom anna med Johnny Loen.  
For å svare ut merknaden, ville det vere det greiaste å ta den eksterne omsynssona ut av planen.  
Vonar det kan aksepterast?

Med helsing

Jostein Bø  
JOBing  
Kråkvika 33  
6390 Vestnes

Mob. 95 77 28 48  
e-post: [job@jobing.no](mailto:job@jobing.no)